

Saksprotokoll 11.03.2020 - hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Sigrid Brattabø Handegard (SP) sette på på vegner av SP, Ap, KrF, MDG V, SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt 8:

Vestland fylkeskommune skal ha fokus på standardisering av ladepunkt for hurtigbåt, ferje og bil i arbeidet med å elektrifisere Vestland.

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag punkt 1-7 vart samrøystes vedteke.

Bratebø Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune legg følgande strategi til grunn for utvikling av infrastruktur for hurtiglading for nullutsleptransport i fylket:

1. Vestland fylkeskommune skal bidra til å utvikle og oppretthalde eit robust nettverk av hurtigladarar i heile Vestland. Målet for satsinga er at talet elbilar per hurtigladar ikkje skal overstige 150 og at ladeplassane skal tilby høg ladeeffekt og vere lokalisert med mindre enn 50 km frå kvarandre.
2. Vestland fylkeskommune skal bidra til utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland ved å stimulere til utbygging av ladeplassar i område og på strekningar med svakt tilbod og utviding av strategisk viktige ladeplassar.
3. Det er eit mål å få plass eit hurtigladetilbod i alle kommunar i Vestland. Lokalisering som gjev tilleggsverdi for handels- og næringslivsinteresser skal prioriterast. Vestland fylkeskommune skal legge til rette for bruk av aktuelle statlege finansieringskjelder, som Klimasats og Merkur-programmet for distriktsbutikker til føremålet der det er mogleg.
4. I medhald av Yrkestransportlova §9, skal fylkeskommunen syte for at ladetilbodet er godt nok til at drosjar får tilgang til naudsynt tilbod i kommunar som er omfatta av fylkeskommunal forskrift om krav til nullutslepp ved drosjekøyning.
5. Vestland fylkeskommune vil prioritere stønad til hurtiglading. Fylkeskommunen støttar ikkje private ladeanlegg, burettslag eller kommunal normalading.
6. Vestland fylkeskommune skal bidra til å etablere ladeinfrastruktur på lufthamnene i Vestland.
7. Vestland fylkeskommune skal bidra til næringsutvikling innan elektriske småbåtar ved å etablere eit hurtigladetilbod. Fylkeskommunen skal skape tilleggsverdi ved å legge til rette for at fritidsbåt og elbil kan nytte den same infrastrukturen.
8. Vestland fylkeskommune skal ha fokus på standardisering av ladepunkt for hurtigbåt, ferje og bil i arbeidet med å elektrifisere Vestland